



## Notat

Dato: 02.12.2015  
Arkivsak: 2015/12196-2  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

---

<b>Til:</b>	Fylkesordføraren
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### **BORN SOM LEVER I FATTIGDOM. INTERPELLASJON FRÅ IRIL SCHAU JOHANSEN (H):**

«Vil Fylkesordføraren ta initiativ til at Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom blir lagt fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling som eiga sak, slik at utvalet kan ta stilling til om det er tiltak i strategien som Hordaland fylkeskommune bør vurdere å gjere seg nytte av?»

#### **Svar:**

I mai 2015 kom Regjeringa sin strategi mot bornefattigdom (2015-2017) – *Barn som lever i fattigdom*.

Arbeidet med strategien er koordinert av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Friviljuge organisasjonar og KS har gjeve innspel underveis. Det same har born gjennom egne høyringar, arrangert av Redd Barna og via Barneombodet.

Fylkeskommunane og kommunane har ikkje fått tilsendt strategien på høyring og har heller ikkje delteke i utarbeidinga. Den er dermed ikkje gjeve lokal- eller regionalpolitisk forankring, men må sjåast som regjeringa sin eigen strategi i perioden 2015-2017. Slik sett vil den verke styrande for departementa sin innsats, men er ikkje ein politikk som gjev nasjonale føringar for offentlege styremakter, slik til dømes ei Stortingsmelding gjer.

Ansvar for oppfølging av fleire av tiltaka i strategien har Fylkesmennene fått. Fylkesmannen i Hordaland forvaltar deler av dei statlege midlane som er knytte til gjennomføringa av strategien. Til dømes er Askøy, Bergen, Fjell, Kvinnherad og Ullensvang tildelt skjønsmidlar for fem år frå 2015. Det første året har kommunane fått 6,5 millionar for kartlegging av born og fattigdom og skoloring av offentleg tilsette og andre. Seinare skal det leggjast fram ein tiltaksplan for å sikre at born som lever i fattigdom ikkje vert stigmatiserte.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har fått ansvar andre tilskotsordningar. Gjennom *Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom* har Bufdir fordelt 134 millionar kroner til 425 tiltak

som skal motverke og dempe fattigdomsproblem blant born og unge. Både friviljuge organisasjonar, kommunar og private aktørar tek i mot støtte frå tilskotsordninga.

Fylkeskommunane er ikkje tildelt ansvar for gjennomføring av strategien. Det er likevel lett å peike på områder der fylkeskommunen kan bidra. Både som tenesteprodusent og som regional styresmakt har fylkeskommunen oppgåver på sentrale felt i iverksetjinga av strategien. Som skuleeigar med ansvar for å innrette vidaregåande skular og opplæring i Hordaland vil fylkeskommunen spele ei nøkkelrolle. Kultur- og idrettfeltet har i tillegg vist seg som eit særskilt viktig område dersom ein har som mål å skape eit opent og inkluderande samfunn der deltaking for born og unge ikkje er avhengig av foreldreinntekt, sosial bakgrunn eller bumiljø. I si portefølje har fylkeskommunen ei rekkje ordningar og tiltak som fremjer brei deltaking i varierte kultur, idrett og friluftslivstilbod. Transportordningar og kulturprogramma i skulane er velkjende verkemiddel. Den tidlegare regionale ordninga med kulturkort var etablert for å fremje unge si deltaking på alt frå konsertar, kino til idrettsarrangement. Staten avvikla tilskota til ordninga og den vart dermed lagt ned.

Med grunnlag i denne vurderinga rår Fylkesordføraren til at Regjeringa sin strategi mot bornefattigdom vert lagt fram for både Utval for opplæring og helse og for Utval for kultur, idrett og regional utvikling som eigen sak og at ein tek stilling til korleis fylkeskommunen kan arbeide med born og unge som lever i fattigdom.